Vinje Ungdomsråd

Vinje Ungdomsråd konstituera seg hausten 2019, då med 10 representantar.

Det skal vera moro, engasjerande og lærerikt å vera medlem i ungdomsrådet!

Døme på saker som ungdomsrådet skal behandle:

- kommuneplan/kommunedelplan
- økonomiplan og årsbudsjett
- tiltak og planar som gjeld barnehage, skule, fritid og idrett
- samferdsels-, plan-, miljø- og reguleringssaker

kulturelle og andre tiltak som gjeld barn og unge

Ungdomsrådet har også høve til å fronte eigne saker!

Fakta:

Ungdomsrådet skal sikrast brei, open og tilgjengeleg medverknad i saker som er av tyding for dei unge sine levekår i Vinje kommune, jf. Forskrift om medverknadsordningar §2. Praktisk info:

- møter på kommunehuset (kommunestyresalen) annankvar månad
- møtene blir satt opp på *politisk møteplan* (finn denne på heimesida her: Møteplan 2021 - VINJE KOMMUNE)
- det skal vera minimum 7 og maksimum 11 representantar i ungdomsrådet
- representantane blir valde for 2 år
- representantane er valbare frå 8.klasse – 3. trinn på VGS
- representantane kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet
- val i oktober
- rådet har eigen sekretær på lik line som andre politiske utval i kommunen
- rådet har sin eigen *ungdomsrådskoordinator*, tilsett i kommunen

Døme på nokre saker *ungdomsrådet 2019 – 2021* har jobba med:

- Heim for ein femtilapp hos Vinje kommune (vinjenett.no)
- Utbetra seksualundervisning på skulane
    - resultera i eigen stillingsprosent hjå helse, som i samråd med skulane lagar eit godt tilbod frå 1.klasse opp til 10.klasse.
- plan for klima og berekraft

Spørsmål? Kontakt ungdomsrådkoordinator silje.hagen@vinje.kommune.no / tlf 350 62 300 / 46 88 88 96